



## **KYRKJETENAR – FAST STILLING 50%**

Sveio Kyrkjelege Fellesråd har ledig fast stilling som kyrkjetenar frå 1.september 2018

Sveio Kyrkjelege Fellesråd har ansvar for tre kyrkjer; Sveio, Førde og Valestrand samt Eikeland og Valen Kapell. Me har og ansvar for gravplassane i Sveio Kommune. Kontorstad er Sveio soknehus i Sveio sentrum.

Kyrkjetenar går inn i eit arbeidsfellesskap med prestar, organistar, arbeidsleiar, kyrkjelydspedagog m.fl.

### **Arbeidsoppgåver:**

Me kan tilby ein stilling der du kan få utfordra deg på ulike områder.

Som kyrkjetenar vil du ha ansvar for reinhald i kyrkjer og kapell. Dette arbeidet utgjer om lag halvdelen av arbeidstida. Som kyrkjetenar vil du i tillegg ha teneste ved ein del gravferder samt vera kyrkjetenar på søndag/heilagdag om lag ein gong pr. månad.

Kyrkjetenar har hovudansvar for orden i kyrkjene, fyller på med diverse varer i kyrkjene samt litt enklare vedlikehald. Andre oppgåver kan og bli lagt til stillinga

### **Kvalifikasjonar:**

Det vert ikkje stilt formelle utdanningskrav til den som vil gå inn i stillinga. Det vil bli lagt stor vekt på erfaring og personlege eigenskaper.

Dette er ei stilling der det er viktig at du har interesse for stillinga og er fleksibel. Du får sjølvstendig ansvar for dine oppgåver og det er viktig at du ser kva det er behov for å gjera og tek ansvar for, og initiativ til, å gjennomføra arbeidsoppgåvene innanfor dei rammene som er sett.

Den som vert tilsett må ha gode samarbeidsevner og må kunne arbeida i team med andre.

Den som vert tilsett må beherska norsk munnleg og skriftleg .

Det er nødvendig at den som vert tilsett har førarkort klasse B og disponerer bil. Kjøregodtgjering vert ytt etter statens regulativ.

Den som vert tilsett må vera medlem av Den norske kyrkja samt kunne leggja fram tilfredstillande barneomsorgsattest, jf kyrkelova § 29

Stillinga vert løna i lønsgruppe 1, stillingskode 5137 Kyrkjetenar

For nærare opplysningar ta kontakt med kyrkjevevjerje Ottar Krakk på telefon 53748422

**Søknad med kopi av attestar og vitnemål vert og senda; Sveio Kyrkjelege Fellesråd, Pb 65, 5559**

**Sveio Ev Epost: [kyrkja@sveio.kommune.no](mailto:kyrkja@sveio.kommune.no)**

**Søknadsfrist: 20.07.2018**